



HELSING FRÅ KYRKJA



KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 78



NR. 02 AUGUST 2025



Avskilsord frå sokneprest Karen Melhus

Når dette kyrkjebladet kjem i postkassa er vi allereie flytta frå Vik, og Rasmus er byrja i ny jobb i Nissedal i Telemark.

Sommaren 2020 kom vi flyttande hit, som eit prestepar, ferske frå studiane i Oslo. Vestlandet og Bjørgvin var ikkje framand etter, - for min del, tre somrar i Sunnfjord prosti. No, fem år seinare, reiser vi som ein prestefamilie på fire.

Det er rart å reise frå Vik og kyrkjene her, for tanken var å halde frem i tenesta her etter permisjonstida. Så vart det i staden flytting og teneste på ein ny stad allereie frå august av. Det er nærmare familien på Sørlandet, noko vi kjenner er godt no som vi har to små barn.

Det er med vemo vi tek avskjed med tenesta her, men tilværa her har vore meir ein berre jobben som skal gjerast – det har vore formande år for meg som person òg. Vi har budd og levd saman med dykk. Vi har møttest ikkje berre i kyrkja, men først og fremst i kvardagen; - på butikken, i barnehagen, hjå legen, på tur i bygda og

liknande. For meg har fellesskapen på strikkekafeen på biblioteket vore viktig.

Gjennom fem år har eg fått møte mange av dykk i glede og sorg. Takk for at vi har fått vere del av dykkar liv med alt det har vore desse åra. Det er møter som har gjeve meg mykje.

Og de har teke i mot oss og latt oss setja vårt preg på tenesta som prestar her. For meg har det vore fint å få vere kreativ og bruka meg sjølv og mine interesser i denne tenesta. Gøy at de har ønska velkommen påfunn som strikkegudstenester, stand på Gamalosten, drop in-vigsel og -dåp.

Det eg veit er at avskjeden no er eit «på gjensyn»! Livet og tenesta i Vik har sett spor i meg, som eg ber med meg vidare. Vik vil no vere ein stad å besøke.

28.september held vi avskilsgudsteneste i Vik kyrkje. Det vil vere hyggeleg å sjå dykk der!

Karen Helene Bohn Melhus



Prestefamilien ved dåp av Agnes Marie i Arnafjord kyrkje 6. juli

Endringar i bemanninga i Vik kyrkjelege Fellesråd



Karen Melhus ved utegutsteneste med villblomar på alteret.

Prestesituasjonen

Karen Melhus og Rasmus Rustad har valgt å reise frå Vik og Sogn for å gå inn i teneste i Nissedal kommune i Telemark.

Me har blitt godt kjent med den unge prestefamilien, og vil sakne dei når dei no reiser. Me takkar for deira engasjement og teneste i Vik og ynskjer dei lukka til i nye kyrkjelydar. Dei kjem attende til oss i september slik at me får teke avskil i Vik kyrkje, den 28.9.25.

Me ynskjer vikarierende sokneprest Stein Oltedal og konfirmant- og fengsels-prest Runar Matsui-Li hjarteleg velkommen til kyrkjelydane i Vik og ser fram til samarbeidet!

Kyrkjetenar i Fresvik kyrkje

Kyrkjelyden i Fresvik er takksam for alle dei ára Henk har vore kyrkjetenar der. Han vel no å nytte pensjonisttida på annan måte og har bedt om avlastning frå oppgáva. Arne-Olav Lien Bardølsgård vert fast kyrkjetenar i Fresvik, og Henk vil vikariere når det trengs. Me takkar Henk for samarbeidet og ynskjer samstundes Arne-Olav velkommen!

Kyrkjeverje

Frå 1. september 2025 tek Turid Kristine Brekke til i jobben som kyrkjeverje/dagleg leiar i Vik kyrkjeleg fellesråd. Noverande kyrkjeverje Marit J. Andersen går



I sommarperioden 2025 var Rasmus Rustad fungerande sokneprest.



Ved Karen's strikkegudstenester var det strikkegarn i buketten ...

3

over i anna stilling fram mot pensjonist-tilværet våren 2026. Me ynskjer Turid velkommen i ny jobb og ser fram til styrking av bemanninga i fellesrådet!

**Marit Andersen,
kyrkjeverje**

Prestevikar i Vik

Eg har vore prest i Sogn og Fjordane i alle mine prestear, heilt sidan i 1984. No gleder eg meg til å komme til Vik, men og litt spennande er det.

Familien Rasmus og Karen flytter frå bygda og ynskjer å kome nærmare hennar heimstad, og så spurde prosten meg. Frå 05.08 kjem eg til å bu i prestegarden og vere prestevikar.

Vikartenesta i Vik vil bli delt; eg har presteteneste i 80 % og prostiprest Runar Matsui-Li har ansvar for konfirmantundervisning og presteteneste i fengselet. Eg har sagt ja til å vere i Vik fram til 31.01.2026, men unnateke jul og nyttår, for då ynskjer eg å ha fri og kunna vere hos min familie. Å få til slik ein avtale, det er luksus for ein prest!



HER KJEM LITT OM KVEN EG ER:

- Eg blei fødd i Molde, men hadde mine barneår på Bore i Klepp på Jæren. Etter teologistudium på Menighetsfakultetet var eg 4 år tilsett som sjømannsprest i Norsk kyrkje i utlandet/Den norske sjømannsmisjon i Dubai i Den arabiske gulf.
- Frå 1984 var eg 10 år res.kap. i Kyrkjebø i Høyanger kommune. Sidan blei det 10 år tilsett i Det norske Misjonsselskap, først 5 år som krinssekretær i Sogn og Fjordane, og sidan 5 år som områdearbeidar i Indre Sogn og Sunnfjord. I denne tida i NMS var eg «høgt og lågt» i fylket, og møtte mykje gildt folk.
- 17 år var eg prostiprest i Førde, og som sokneprest i Holsen og Haukedalen. Som pensionist har eg no vore 5,5 år prest i Indre Bremanger.
- Mine to fridagar i kvar arbeidsveke i Vik tenkjer eg å ha i Naustdal, der eg har min bustad.

Kjære folk i Vik

Jeg heter Runar Matsui-Li og er sokneprest i Balestrand. Dette året skal jeg ha ansvaret for konfirmantene i Vik under sokneprestens permisjon. Jeg skal også ha oppgaver i fengselet.

Jeg ble fødd i Oslo. Min oppvekst var preget av kristne aktiviteter. I hele oppveksten var jeg aktiv med trening og lange turer på fjellet, sommer som vinter.

I 1987 begynte jeg på Fjellhaug misjonsskole i Oslo med kall til å bli misjonær, og i 1993 reiste jeg til Japan. Der ble jeg i 13 år bare avbrudd av studiepermisjoner i Norge. I Japan var jeg prest i flere menigheter og i en av dem møtte jeg Keiko som jeg giftet meg med. De tre barna vi fikk sammen ble alle fødd i Japan, men har vokst opp i Høyanger og Kyrkjebø hvor vi bor i dag.

Vi flyttet til Norge i 2012 for å slå oss til ro å skape et hjemsted for familien etter et omflakkende liv i inn og utland. Her fikk jeg arbeid i Høyanger som sokneprest. En årsak til at nettopp denne landsdelen ble valgt var det milde klima, fjorder og fine fjell. Det vi glemte var regnværet. Mer en gang har jeg lengtet til steder med tørrere klima, men det rare er at jeg synes det regner mindre og mindre med årene.

Min familie er innflyttere. Vi har ingen familiebånd eller historie til landsdelen, men



er blitt godt integrert i lokal samfunnet. I begynnelsen følte jeg meg som utlending i mitt eget hjemland og for å bli bedre kjent med det norske samfunnet igjen ble jeg student på HVL og tok en masterutdanning i velferdsledelse i 2017. Kona mi, Keiko arbeidet som faglærer i engelsk i ungdomsskolen i Japan, men omskolerte seg og arbeider nå ved Høyanger sjukeheim som helsefag-arbeider.

Kommunikasjon med mennesker med ulike kulturelle og etnisk og sosial bakgrunn er en del av min fag- og erfaringsbakgrunn. I bunn og grunn handler det om å lære seg å like andre mennesker for det de er. I et så fremmedartet land som Japan hvor jeg som utlendig og prest hadde begrenset inngang til folks daglige liv fant jeg et godt kontaktpunkt gjennom felles fritidsinteresser. I lokale judo- og

fotoklubber, ungenes barnehage og skole fikk jeg på en naturlig måte bli en del av lokalsamfunnet. I Høyanger fikk jeg tilnavnet «honningpresten» da jeg har mange bikuber i hagen.

Gjennom årene siden 2012 har jeg noen ganger vert innom Vik både som prest og turist. Gamalost passer jeg på å kjøpe med meg. Kirken er en viktig institusjon i bygdene våre som holder livene våre sammen i fellesskap med fortiden og fremtiden. Kirken skal holde troen på Gud frem som relevant og naturlig del av virkeligheten.

Jeg er en prest som liker at barn og unge skal bli kjent med Den store fortellingen i Bibelen og vil holde frem ryktet om vår frelser og venn Jesus Kristus så han ikke blir glemt.

Vennlig hilsen,
Runar Matsui-Li

KONFIRMASJONAR

Konfirmasjonar våren 2025

Våren 2025 hadde vi konfirmasjonar i Arnafjord, Fresvik, Feios og Vik.

Då Sokneprest Karen Melhus hadde gått på barselspermisjon, vart alle ungdomar denne våren konfirmert ved fungerande sokneprest Rasmus Rustad. Til lukka til alle årets konfirmantar!



3. mai – Vik kyrkje: Ane Valsvik Kinden, Ariana Helleland, Astrid Hovland, Daniel Pilier Stadheim, Elina Draegni, Emil Sjøthun, Joar Iversen, Kristian Følid Berglund, Oddvar Iversen, Sondre Alme Holstad og Torjus Helleland Tistel (alfabetisk rekkefølge).



31. mai – Vangsnes kyrkje: Even Gjerde Haugshagen, Idar Vangsnes, og Mia Nadolska Midttun (alfabetisk rekkefølge).



10. mai – Fresvik kyrkje: Endre Nathaniel Gilpin og William Settevik Skogheim (*alfabetisk rekkefølge*).



1. juni – Arnafjord kyrkje: Birte Kristin Kjelven Hauglum og Janne Christensen Hønsi (*alfabetisk rekkefølge*).





31. mai – Vik kyrkje: Astrid Time, Dominik Nikodem Wybranowski, Endre Berdal, Johanne Hønsi og Sjur Grønsberg (*alfabetisk rekkefølge*). (Foto Kristine Lillo Mørck)

Sommarkonsert i Hove kyrkje

Onsdag 2. juli var det sommarkonsert i Hove kyrkje.


Vi hørde Vidar Vikøren spele orgelkoraler fra *Dritter Theil der Clavierübung* av Johann Sebastian Bach: "Den vesle orgelmessa" - med song av Geir Hydle og Arne Kirk Olden-Wikestad.



Musikkmesser og Olsok i Hove

SOMMAR 2025

På onsdagar i juli månad var det som vanleg musikkmesser i Hove steinkyrkje. Vi seier også i år mange takk til Vidar Vikøren og Arne Olden-Wikestad for god tilrettelegging, medverknad og gennomføring av desse!



Prestevikar frå Danmark Daniel Kirmayer ved musikkmesse i Hove kyrkje.



Olsoksgudsteneste med dåp i Hove. Erling Stadheim spelte for sit nydøpte oldebarn nr. 15 !

Ny kyrkjeverje

1. september tek Turid Kristine Brekke til som ny kyrkjeverje i Vik kyrkjelege fellesråd. Turid er 51 år gammal, gift med Jens Andreas Melheim og har tre døtre i alderen 22 til 16 år. Utdanna sivilarkitekt i 2000. Har jobba både i privat og offentleg sektor.

- Eg har vaks opp i Vik og når eg ser tilbake ser eg at kyrkja har vore til stades i heile oppveksten min gjennom sundags-skule, triangelklubb, konfirmantførebuing, aspirantkor og Vik gospelkor.

Kvardagsskule og babysong

Vi flytta heim til Vik i 2007, då var det naturleg for meg å ta med dei to jentene våre, Sigrid og Brita, på kvardagsskulen. I 2009 vart det nye tider i familien då Ellen Kristine vart fødd og Sigrid begynte på skulen. Brita(4) skulle halde fram som før, i barnehagen, men ho var misunnelig på Sigrid som no hadde vorte skulejente. Dette irriterte henne heilt til ein dag ho kom ganske tilfreds og fortalte at «eg også går på skulen – kvardagsskulen!» Den same hausten oppdaga vi glede med babysong. På tysdagane enda det som regel med at Brita tok seg fri fra barnehagen og med Ellen i vognen rusla vi med glade lette steg til babysong og vafler, prat, kaffi og saft på kyrkjestova. Ein utruleg flott møteplass for oss som var i same livsfase.



Seinare har eg vorte betre kjent med kyrkja gjennom frivillig arbeid i soknerådet, barnekor og no, dei siste åra, fellesrådet.

Nye oppgåver

1. september tek eg til i jobben som kyrkjeverje og tenkjer at nokre av arbeidsoppgåvene vil vera kjende medan andre vil vera ukjende og heilt nye for meg. Eg er derfor svært glad for å få ein god overlapp med Marit slik at mest mogeleg kunnskap kan overførast. Eg satsar på bratt læringskurve dei komande månadane!

Kyrkjene er både signalbygg og sentrale kulturminne i bygdene våre og det er viktig at dei vert tekne vare på. Samtidig er kyrkjene ramma rundt dei store hendingane i mange liv: dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Eg ser fram til å vera betre kjent med nye kollegaer og få lov til å vera med på å ta vare på det indre og ytre livet i kyrkjene i heile kommunen.

Turid Kristine Brekke

BABYSONG HAUSTEN 2025

Siste vinter møttest ei gruppe babyer og deira foreldre / besteforeldre i kyrkjestova i Vik ein gong i veka til babysong under leiing av prest Rasmus Rustad.

Prestefamilien er reist sørover nå, men det er planen at babysong skal starta opp att høsten 2025. Hald auge med oppslag på kyrkja si heimeside www.vik.kyrkja.no og Facebookside: Kyrkjene i Vik kommune



KVARDAGSSKULE – FOR GUTAR OG JENTER!

Vik Kvardagsskule er søndagsskule på ein kvardag og er for gutter og jenter frå ca. 3 år og oppover. Vi er tilslutta Norsk Søndagsskoleforbund, og vi er ein del av Vik kyrkjelyd sitt barne- og ungdomsarbeid.

Vi har ein liten andakt, og elles syng vi i lag og har m.a. ein teikneaktivitet. Dei største ungane – frå 3. klasse og oppover – har eit eige opplegg i deler av tida. Dei som vil, har med litt pengar til barn som ikkje har det så godt som vi her i Noreg. Det er kjekt om foreldre eller eldre søskjen er med.

Kvardagsskulen er i Kyrkjestova om måndagane frå kl. 17.30 – 18.15.
Vi vonar at DU har lyst til å koma!!!

Tove Geithus og Karen Tangstad

11

HAUSTPLAN 2025 FOR VIK KVARDAGSSKULE

OKTOBER

- 13.10.25
- 20.10.25
- 27.10.25

NOVEMBER

- 03.11.25
- 10.11.25
- 17.11.25
- 24.11.25

DESEMBER

- 01.12.25

Kyrkja flyttar ut av kyrkja



På 17. mai var det gudsteneste på VBS, der strengemusikken fra Frelsesarmeens medverka.



◀ Vesle Eirik, som har vore trufast deltakar ved Babsong i vinter feira 17. mai med flagg i begge hender.



Brita Melheim (til høgre) var ungt innslag i bemanninga.



Grete Grønningsæter skjenka mange koppar gratis kaffi frå kyrkja sin stand.

Under gamalostfestivalen i pinsa hadde kyrkja for andre år på rad eit telt i Sentrumsgata med mulighet for kaffi, kake og ein prat – og innbyding til Drop indag i august (sjå neste side).

DROP IN-DAG



**Kanskje går de med gifteplanar?
Eller ynskjer du å bli døypt eller
døypa eit born?**

*30. august 2025 kan de berre droppe
innom hjå presten i Vangsnes kyrkje!*

DROP IN-VIGSEL

Kvifor velja drop-in-bryllaup?
Tenkar de at bryllaup i kyrkja må vera stort
med mange gjester, kvit kjole og stort budsjett?
Det må ikkje vera slik! Eit bryllaup er ei stor
feiring av kjærleiken uansett rammar. På
bryllaupsdagen dykkar settast ekteskapet
dykkar inn i ein større samanheng. Vi vil be
for dykk, ekteskapet og framtida dykkar.
Kyrkjerommet, musikken og tekstane som vert
lesne gjev høgtidelege rammar for ekteskapsinngåinga.



Kva treng dykk for å gifte dykk i kyrkja 30. august??

Ikkje noko meir enn gyldig prøvingsattest frå Skatteetaten. Ta med tre (3) eksemplara til kyrkja. Forlovarar må fylle ut forlovarerklæring på førehand, men treng ikkje vere til stades i kyrkja. Om ikkje de har med dykk nokon som kan vere vitnar på bryllaupsdagen, stiller kyrkja med nokon. Kyrkja tek òg imot par som ynskjer forbøn for borgarlege inngådde ekteskap denne laurdagen.



DROP IN-DÅP

Vi held ein enkel dåpsseremoni for dei som ynskjer å
døypaseg. Vi tek imot menneske i alle aldra til dåp.
Dåpsbarnet/-kandidaten kan ha so mange fadrar dykk
ein ynskjer. To (2) av dei må vere til stades ved dåpen.
Kyrkja kan stille fadrar om de ynskjer det.
Ha med fødselsnummer på den som skal døypast.
Dåpsattesten vert ettersendt.

KYRKJA ORDNAR FEIRINGA

Vi serverar kake, kaffi og (alkoholfrie) boblar til brudefylgjene
og dåpsfylgjene etter seremoniane. Om de skulle ynskje å gjera
ein avtale for 30. august eller har spørsmål - ta kontakt senast
25. august med kyrkjeverje Marit Andersen tlf 479 77 806 eller
906 86 227. e-post: marit.johanne.andersen@vik.kommune.no



Ny inngang til Vik kyrkje

Vik kyrkje er stengt inntil 15. september.

Søndag 28. september blir det etter planen høve til å gå inn i ei gjennåpna kyrkje på det nye, universelt utforma inngangspartiet, i samband med gudstenesta kl. 11. Samtidig vil det denne søndag bli avskilsgudsteneste for presteparet Karen og Rasmus, med kaffibord på kyrkjestova.

Rett før redaksjonen stengde tok vi dette biletet av arbeidet med inngangspartiet. Svein Gunnar Helland er her i ferd med å leggje skiferheller på inngangen til Vik kyrkje.

Kor mykje arbeid står att no?

- Mange kvadrat med skiferlegging. Og så skal det monterast rekkverk, gamaldags type med røyrmetal, slik som det var før. Og ellers så er det ei rist som manglar framfor døra, - og litt planering.

Vi gler oss til det blir ferdig!

- Ja, det gjer eg også!



BIBELSITATER OM STEIN OG BYGGERI:

«Tidleg om morgonen første dagen i veka, medan det endå er mørkt, kjem Maria Magdalena til grava. Då får ho sjå at steinen er teken bort frå grava.» (Joh 20,1)

«De er oppbygde på grunnvollen til apostlane og profetane, og hjørnesteinen er Kristus Jesus sjølv. I han blir heile bygningen halden saman, så han veks til eit heilagt tempel i Herren» (Ef 2, 20-21)

«Kom til han, den levande steinen, som vart vraka av menneske, men som er utvald og kosteleg for Gud. Ver de òg levande steinar. Bli oppbygde til eit åndeleg hus» (1 Pet 2,4-5)

KONKURRANSAR

JULEKONKURRANSENS

VINNAR, Brita Sissel Turvoll, mottok før påske eit stort påskeegg for sitt rette svar.



SUMAR-KONKURRANSE

LØYSING:

Dette gamle maleri av Kristi Himmelfart finn du i Arnafjord kyrkje.
Den heldige vinner, som kan hente en premie ved henvendelse til kyrkjekontoret (ring 479 77 806) ble:

Udvin Breilid, Lærdal

NY HAUST-KONKURRANSE

I kva kyrkje finn du denne figuren, der Kristus er avbilda ikkje med tornekruna, men med kongekrune på hovudet?



Svar innan 1. november til
kristarevsbech@gmail.com





Barnas

LABYRINT

Kan du hjelpe gutten gjennom labyrinten slik at han kan gi fiskene og brødene sine til Jesus?



Vits

- Vet du hvor mye klokka er?
- Den er i hvert fall ikke fire.
- Hvordan vet du det?
- Jo, for jeg skulle være hjemme klokka fire, og det er jeg jo ikke.

Tegninger: CLAUDIA CHIARAVAILOTTI

KRYSSEND

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme frem til løsningsordet.

Bygning i Lukas 2,46

1.



Disippel i Johannes 20,26

2.



Bær i Matteus 7,16

3.



Landområde i Markus 16,7

4.


Tall i Matteus 26,15

5.

Du finner Bibelen på internett også!
Se bibel.no

FARGELEGG

Her gir noen barn to fisker og fem brød til Jesus. Jesus brukte det til å gi mat til 5000!



Gi bladet Barnas til et barn du er glad i!

Disse oppgavene er hentet fra bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Vits

Mannen tok på seg rene sokker hver dag. Til slutt fikk han ikke på skoene ...



Sondagsskolen - mer enn du tror

Døypte:

Arnafjord:

- 01.06.25 Brage Dale Lysne
01.06.25 Mia Bystøl Tenys
06.07.25 Agnes Marie Rustad Melhus

Fresvik:

- 17.04.25 Johannes Sirevaag Bøthun
10.05.25 Endre Nathaniel Gilpin

Hopperstad:

- 23.06.25 Hennie Finne Øhlén
23.06.25 Tobias Holmberg Pride
23.06.25 Leon Smirnov

Hove:

- 29.07.25 Liam Fosse Andersen
30.07.25 Amund Bolstad Økland

Vangsnes:

- 16.03.25 Erle Steine Liljedahl

Vik:

- 23.02.25 Mienna Målsnes
23.03.25 Tiril Solberg Voll
23.03.25 Tellef Seim
20.04.25 Daniel Stadheim-Pilier
03.05.25 Emine Orvedal Waage
03.05.25 Dominik Nikodem Wybranowski
03.05.25 Viktoria Wybranowska

Vigde:

Hove:

- 02.08.25 Miriam Voll og Jan Einar
Nummedal Widskjold

Vangsnes:

- 05.07.25 Krista Revsbech og Edvin Skjerven
02.08.25 Ada Kristin Tryti Moe og
Jørgen Istad Skinnes

Vik:

- 20.06.25 Mildrid Tjønn og Asbjørn
Vikdal Flisram

Gravferd – urnenedsetjing:

Arnafjord:

- 29.04.25 Brita Monslaup (*Seremoni Knarvik kyrkje*) f. 1936
05.07.25 Bjørn Kåre Straume f. 1946
(*Bisetjing i Sallingen Seremonihus*)

Feios:

- 07.03.25 Helge Johan Høyum f. 1945
30.04.25 Svein Hopperstad f. 1932
09.05.25 Kirsten Emilie Matre f. 1948
20.06.25 Erling Asbjørn Hammer (*Bisetjing Meland kyrkje*) f. 1934
15.07.25 Ingeborg Rinde (*Bisetjing Voksen kirke*) f. 1931
24.07.25 Per Lunde f. 1936

Fresvik:

- 25.04.25 Per Skau f. 1937

Vangsnes:

- 24.06.25 Olaug Sunde f. 1934

Vik kyrkje / Kyrkjestova:

- 11.03.25 Signe Marie Orvedal f. 1949
14.03.25 Sigrun Seim Vik kyrkje f. 1932
23.04.25 Ellis Nummedal Vik kyrkje f. 1942
07.05.25 Ingunn Solveig Grønsberg Hatlevik f. 1954
13.05.25 Brita Sæbø f. 1920
14.05.25 Hildur Breiland Grov f. 1942
20.05.25 Olav Nummedal f. 1935
20.06.25 Randi Holstad f. 1934
26.06.25 Marta E Fjærrestad f. 1936
04.07.25 Marit Aafedt Fjærrestad f. 1945
09.07.25 Olav Håkon Refsdal f. 1946
15.07.25 Astrid Helene Tryti Tenold f. 1932
22.07.25 Einar Følid f. 1935
30.07.25 Guttorm Gullteig f. 1926

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806

E-POST: KYRKJELEG.FELLESRAAD@VIK.KOMMUNE.NO

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Marit J. Andersen

Turid K. Brekke (frå 01.09)

epost: marit.johanne.andersen@vik.kommune.no

turid.Kristine.Brekke@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor: 479 77 806

906 86 227

922 28 593

KONTORTID

kl. 10-15, man-ons

Fungerande sokneprest i Vik

Stein Oltedal

tlf. 970 08 600

e-post: steinoltedal4@gmail.com

Sokneprest Balestrand og konfirmant- og fengselsprest i Vik

Runar Matsui-Li

tlf. 488 90 086

epost: RM677@kyrkja.no

Organist

Krista Revsbech

tlf. 921 61 625

epost: kristarevsbech@gmail.com

Leiande kyrkjeterar

Nils Kvamme

tlf. 957 30 615

epost: nils.kvamme@vik.kommune.no

Kyrkjeterar i Vik, Vangsnæs og Arnafjord

Jonathan Nahayo

tlf. 941 71 504

Kyrkjeterar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

tlf. 908 39 156

Kyrkjeterar i Fresvik

Arne-Olav Lien Bardølsgård

tlf. 995 52 549

SOKNERÅD

Soknerådsleiar Arnafjord:

Endre Nese

tlf. 415 10 401

Soknerådsleiar Feios:

Arnstein Linde

tlf. 909 30 320

Soknerådsleiar Fresvik:

Kirsten Johanne Bøtun

tlf. 951 49 366

Soknerådsleiar Vangsnæs:

Brita Sissel Turvoll

tlf. 909 28 179

Soknerådsleiar Vik:

Reidunn Bolstad

tlf. 905 33 581

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar inntil 31.08.25: Turid Christine Brekke

tlf. 922 28 593

frå 01.09.25: Solrun Skogheim

tlf. 952 26 003

Utleige Kyrkjestaða:

Sylvi Nummedal

tlf. 469 28 613

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770

VELKOMEN TIL KYRKJE

Vi tek etterhald om endringar i gudstenestelista.
Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.

10. aug kl. 11.00 Arnafjord kl. 16.00 Vik (Kyrkjestova)	9. s. i treeining. Luk 6, 36-42 Gudsteneste v/ Stein Oltedal Gudsteneste v/ Stein Oltedal
17. aug kl. 11.00 Vangsnes	10. s. i treeining. Mark 11, 25-26 Gudsteneste v/ Stein Oltedal
24. aug kl. 11.00 Hove kl. 16.00 Feios	11. s. i treeining. Joh 8, 31-36 Gudsteneste v/ Stein Oltedal Gudsteneste v/ Stein Oltedal
31. aug kl. 12.00 Fresvik (Svea)	12. s. i treeining. Joh 4, 27-30 + 39-43 Gudsteneste saman m. Frelsesarmeen v/Stein Oltedal
14. sep kl. 11.00 Vik (Kyrkjestova)	Vingårdssøndag/14.s i treeining. Matt 19, 27-30 Gudsteneste v/ Stein Oltedal
21. sep kl. 11.00 Feios kl. 16.00 Vangsnes	15. s. i treeining. Joh 15, 9-12 Gudsteneste v/ Stein Oltedal Gudsteneste v/ Stein Oltedal
Lør 27. sep kl. 12.00 Vik kyrkje	Musikk-andakt v/ Stein Oltedal. 50 års konfirmantar i Arnafjord, Vik og Vangsnes er særskilt invitert.
28. sep kl. 11.00 Vik	16. s. i treeining. Matt 11, 16-19 Gudsteneste v/ Stein Oltedal
05. okt kl. 11.00 Fresvik	17. s. i treeining. Mark 5, 35-43 Gudsteneste v/ Stein Oltedal
19. okt kl. 11.00 Vik	19. s. i treeining. Luk 9, 52-62 Gudsteneste v/ Stein Oltedal
Lør 01. nov kl. 11.00 Vik	Allehelgen. Luk 6, 20-23 Minnegudsteneste v/ Stein Oltedal
02. nov kl. 11.00 Arnafjord kl. 16.00 Feios	Allehelgen. Luk 6, 20-23 Minnegudsteneste v/ Stein Oltedal Minnegudsteneste v/ Stein Oltedal

INFORMASJON

UTGJEVAR	Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK	Printfarm AS
BLADSTYRAR	Krista Revsbech
KASSERAR	Sylvi Nummedal
BLADPENGAR	Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR	38003011558

VELKOMEN TIL KYRKJE

09. nov

kl. 11.00 Fresvik
kl. 16.00 Vangsnes

22. s. i treeining. Luk 10, 25-37

Gudsteneste v/ Stein Oltedal
Gudsteneste v/ Stein Oltedal

16. nov

kl. 11.00 Vik

23. s. i treeining. Matt 24, 35-44

Gudsteneste v/ Stein Oltedal

30. nov

kl. 16.00 Feios

kl. 19.00 Vik

1.s. i advent. Matt 21, 1-11

Adventsgudsteneste / lysmesse
v/ Stein Oltedal
Adventsgudsteneste / lysmesse
v/ Stein Oltedal

14. des

kl. 19.00 Vik

3.s. i advent. Matt 11, 2-11

Adventsgudsteneste med kor og
9 lesninger v/ Stein Oltedal og
Vidar Vikøren

Vi tek etterhald om endringar i gudstenestelista.
Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

Facebook: [Kyrkjene i Vik](#)

KYRKJESKYSS

Arnafjord:	Ring leiar Endre Nese	tlf. 415 10 401
Feios:	Ring leiar Arnstein Linde	tlf. 909 30 320
Fresvik:	Ring leiar Kirsten Johanne Bøtun	tlf. 951 49 366
Vangsnes:	Ring leiar Brita Sissel Turvoll	tlf. 909 28 179
Vik:	Ring leiar Reidunn Bolstad	tlf. 905 33 581